

Førde IL Orientering

Årsmelding 2025



Ungdom som
tek ansvar

Årsmelding o-sesongen 2025

(Av Knut Even Hole, leiar Førde IL Orientering)

Romjulsløpet på Soleide 2. juledag med 54 påmeldte avslutta 2025-sesongen. I vinter held vi fram til første nærløp i april, med innetrening på Slåtten skule. Gaute Osvoll står for treninga i år, og den er frå kl 18.30 – 20.00, så det er fint mogeleg å vere ein del av o-miljøet også i vinterhalvåret!

29. oktober avslutta vi o-sesongen med natt løp i Hafstadparken, og premiefest etterpå inne på FIL-huset. Det var godt oppmøte og mange som fekk med seg premie heim for å ha deltatt på nærløp samt for lagsmeisterskapa. 30 born og ungdom hadde 4 eller fleire løp. Ein meir enn i fjor. I år var det to som delte førsteplassen med flest løp. Erlend Husevåg-Lobben og Gaute Osvoll hadde 17 av 18 løp. 19 løparar over 16 år hadde 12 eller fleire løp. Det var ein nedgang på fire frå i fjor. Anders Mallasvik Os deltok på alle 18 løpa i år, noko han også gjorde i 2023.

Det var ein liten nedgang i antall startande frå 2023 til 2024, men årets sesong ga oss ny rekord. I 2023 var den tidlegare rekorden på 1018 startande, men i år blei det til slutt 1022 (inkl. arrangørstaben). Det var rett nok to løp meir i år enn i 2023. Snittet i år pr løp blei då 57. 208 enkeltpersonar har deltatt på eit eller fleire løp i år, noko som er ein oppgang på 41 frå i fjor.

Utfordringa vår er å få desse som kjem ein eller to gongar til å kome ti-tolv gongar eller meir. Vi har ganske mange som er innom og prøvar orientering. 53 har delteke ein gong og 24 har delteke 2 gongar. Dette er stort sett nybegynnarar, så det er svært viktig at vi har lette nok løyper til dei, slik at dei får ein god oppleving og får lyst til å kome på fleire løp.

Vi hadde morO også i år, først i Hafstadparken på vinteren, og på Langeland når vi starta opp med måndagstreninga i mai. Deltaking på vinteren var varierende, mykje på grunn av været. Frå 16 på det meste til 1-2 på det minste. Men vi gjennomførte nær alle måndagane, kun avlyst 1 gong grunna veldig dårleg vær.



Premiefest FIL-huset Hafstadparken.



Rotekoppen Breim. Gaute Osvoll og familien Hole diskuterer rett postplukk etter fellesstart og frivillig val av postar.

Elisabeth Kusslid heldt fram som hovedinstruktør og fekk med seg Gaute Osvoll. Dei 4-5 siste måndagane i Hafstadparken tok Kaja Osvoll seg av å ordne med kveldsmat til borna når ute økta var ferdig.

Måndagstreninga blei starta opp 5. mai med Langeland som oppmøteplass. Målet med dette var å få samla born, ungdom og vaksne til ein ekstra kveld i veka med fast oppmøteplass og ulikt tilbod tilpassa alder og nivå, der vi avslutta økta ute med kveldsmat, vaffel og kaffi inne på skihytta.

Det var ikkje så mange born som kom, men ungdomane var flittig til å nytte seg av tilbodet, og ein god gjeng med vaksne møtte og deltok i ei o-løype som hadde fellestart og gafla løyper. Måndagstreninga heldt fram etter sommarferien til ut i september. Ei lita gruppe med personar har tatt på seg jobben med løyper, trening og servering. Konklusjonen vi har kome fram til rundt tilbodet er at det ikkje blir fortsett med måndagstrening til neste år slik vi hadde den, men at det blir eit tilbod for ungdomen på ein litt anna måte. Meir info om dette kjem når det nærmar seg sesongstart.

Tilbodet med inne treninga var det Elisabeth Kusslid som sto for på vinteren, og Gaute Osvoll er instruktør no framover. Vi er svært glad for at ungdomen stiller på som instruktørar. Det er og god lærdom for dei å kunne lage opplegg og lede treninga. Treninga er open for alle medlemmane over 12 år, så det er berre å kravle seg over dørstokken å bli med.



Nærløp Slåtten skule hausten 2025.



Bekkjavatnet august 2025.



Kråkenesmarka. Besøk av maskotane til Sparebank1 Sogn og Fjordane som fekk prøve orientering.



I 2025 var det trening fleire måndagar på Langeland. Medan ungdommen hadde eige opplegg, fekk seniorane prøve seg på fellesstart med gaffling.

Også i år har ungdomar jobb med skulegardskart. Gaute Osvoll har teikna kart to år tidlegare, Sjur Skilbrei var også med i fjor, mens Ann-Kristin Kusslid, Ella Ryste Haugsbø og Erlend Husevåg-Lobben gjekk kurs i regi av NOF tidleg i vår, og fekk kvart sitt område å teikne kart over. Vi har vore ein av dei mest aktive klubbane i Norge med å teikne skulegardskart, noko som gjer at vi ikkje har fleire skular i kommunen å teikne kart over. Vi har derfor måtte tenke litt vidare for å finne områder som er eigna.

Norges Orienteringsforbund blei kontakta i vår for å få innandørskart med som ein del av områda ein kan søkje om tilskot frå ordninga til. Dette gjekk i orden, så Gaute har teikna kart over Førdehuset. Erlend har teikna over Sunde skule og Ella over Skilbrei Ungdomssenter. Alle karta ligg ute på <https://skoleorientering.no/>

Noko med det mest spektakulære i år må ha vore helga på Værlandet der O-gruppa hadde ansvaret for o-leir 8-25 år og overnatting og matservering i forbindelse med Askvoll IL sine «Norges vestlegaste o-løp». Ein så flott plass å arrangere o-



Selma Botnen under KM sprint Sogndal sentrum august 2025.



O-leir Værlandet og Bulandet. Torodd Os i fint driv.

løp på skal ein leite lenge etter. Spannande terreng og unikt terreng. Været til og med var på vår på vår side. Meir om dette kjem seinare.

I tillegg har o-gruppa hatt fleire aktivitetar ut over det som er skreve litt om til no. Slik som Sunnfjordorienteringa, KM-natt i Gjesdalen, Hall-O-ween i Hafstadparken, Turorientering m.m. Noko av det blir omtala seinare i o-posten. Så utan medlemar som stiller opp og er med å dra lasset, så kunne vi ikkje ha vore ein så aktiv klubb. Takk til alle saman.

Heilt til slutt; Det er på sin plass å framheve den positive ungdommen vi har i o-gruppa. Dei tek ansvar for treningar, morO, lagar skulegårdskart, arrangerer Hall-O-ween og mykje meir. Og så reiser dei ut og deltek på leirar og o-løp for å lære meir, og å bli kjent med løparar i andre klubbar og andre krinsar. Slikt må vi heie på!



Gunnar Gytri fylte 70 år i 2025. Vart markert med kake og kaffi etter måndagstrening på Langeland skisenter.

Teknisk råd – årsmelding 2025

(Av Torodd Os)

Teknisk råd i 2025 har vore samansett av:

Torodd Os, leiar;

Helge Schei, medlem kart;

Torbjørn Holsen, medlem lager;

Andreas Haug, medlem teknisk drift kopi/PC

Terminliste - løpsregistrering

Teknisk råd har i 2025, utarbeide terminlista i samarbeid med leiar i FIL orientering for våre nærløp og følg dei opp med registrering i Eventor og følgt opp med resultat og Livelox, i år har vi tatt med trening på Langeland og nattløp.

Det er gjennomført 17 nærløp, KM natt og «Sunnfjordorienteringa 2025», 5 nattløp og 9 måndagstreningar.

Vi har laga oversikt på tall deltakara i kvar klasse på Nærløpa i år. Oversikta viser 917 startar i år på Nærløpa, med krinsløp 975 startar. Natt løp har auka mykje 103 startar frå 73 startar i 2024.




Johan Magerøy og Lars Kyte diskuterer. Om det er gode vegval, eller dårleg orientering, det er alltid noko å snakke om etter eit løp.

FØRDE IL ORIENTERING				NÆRLØP/KRINSLØP 2025							Rev: 24.11.25		
NÆRLØP	DATO		ALK	ALM	BLK	BLM	CLK	CLM	NLK	NLM	KART/ARENA		
01	09.04.25	46	3	14	6	7	3	4	3	6	Moskog/Sunnfj-Museum		
02	23.04.25	80	6	16	6	8	10	14	16	4	Vieåse-Slåtten/Viebøen Barnehage		
03	30.04.25	55	6	14	4	7	6	7	7	4	Halbrend-Flatene/Flatene Skule		
04	07.05.25	52	4	17	6	4	5	8	6	2	Førde sentrum/Førde Ungdomsskule		
05	14.05.25	64	1	19	8	8	10	6	5	7	Digernesvatnet/Førde Vassverk		
*06	21.05.25	58									Fluge/Støfringsdal "Sunnfjordorienteringa"		
07	28.05.25	42	4	9	3	5	5	5	7	4	Førde sentrum/Ballbana Bergum		
08	04.06.25	65	3	22	9	9	8	9	1	4	Digernesvatnet / Langeland nord aust for E39		
09	11.06.25	48	0	9	4	13	9	10	2	1	Digernesvatnet/Masdalsgjerde		
10	18.06.25	38	1	16	4	6	2	7	1	1	Bekkjaholten/Langeland Nord, vest for E39		
11	25.06.25	58	2	21	10	14	1	8	2	0	Bringeland/Djupedalen Svartetjørnvegen 38		
12	06.08.25	0	Avlyst								Førdsli/Førde Ungdomsskule		
13	13.08.25	43	1	15	4	11	3	4	3	2	Bekkjavatnet/Bekkjavatnet vest		
14	20.08.25	40	1	19	8	6	1	4	0	1	Gjesdalsdalen/Gjedalsdalen aust		
15	27.08.24	55	2	24	6	5	7	6	2	3	Kråkenesmarka/Kråkenesmarka nord Skyttartun		
16	03.09.25	60	2	22	5	8	10	7	2	4	Kråkenesmarka/Kråkenesmarka syd Skyttartun		
17	10.09.25	46	2	22	3	7	3	6	1	2	Kråkenesmarka/Kråkenesmarka Blomlia Skyttartun		
18	17.09.25	49	6	19	1	4	3	7	6	3	Sunde Skule/Sunde Skule		
19	24.09.25	76	8	19	2	4	6	7	17	13	Slåtten skule/Slåtten Skule		
Samla		975	52	297	89	126	92	119	81	61			
			917 (Utan krinsløp)			* Samla deltakara på krinsløp med fleire klassar							
NATTLØP			ALK	ALM	AKK	AKM	CL-alle						
20	02.10.25	25	2	13	2	1	7				Ulvedalane/Bulingetjørna		
21	08.10.25	18	0	6	2	4	6				Bekkjaholten/Langeland nord vest for E39		
22	15.10.25	17	0	9	1	3	4				Digernesvatnet/Lysløypa Sundsdalen		
23	22.10.25	18	0	11	0	3	4				Kråkenesmarka/Nordheia tunellen		
24	29.10.25	25	6	10	1	2	6				Hafstadparken/FIL Huset Hafstadparken		
		103	Samla nattløp										
		1078	Samla totalt										

Kartarbeid

Kart til Førde IL Orientering som ligg på Kartarkiv.no.



Område i Sunnfjord-regionen med kart som Førde IL Orientering står bak og som er digitaliserte.

Førde sentrum «Masterkart»: Førde Sentrum Master – spesielt mykje korrigering i Førdsliå på grunnlag av synfaring av Knut Even og Anja. Vi har litt utfordringar med å GEO ref. utsnitt av kart frå «Masterkart»

Vieåsen-Slåtten: Oppdatert for hogstfelt på Tefresida, pluss nokre nye hus, oppdatert i Kartarkiv basen

Halbrend-Flatene: Ny versjon med siste oppdateringar 23.04.24. Målestokk 1:5000, ekvidistanse 2 meter.

Halbrendslia: Kartet bør resynfarast før bruk til nærløp, det er svært mangelfullt mht klassifisering av vegetasjon, kommentar frå GG.

Hafstadparken: Mindre korrigeringar på grunnlag av observasjonar i samband med løypelegging, oppdatert i Kartarkiv basen.

Førdsliå: Om utviding av kartet Slåtten skule vert det vurdert å knyte karta i saman til eit kart, viser elles til kommentar på Førde sentrum Master.

Kråkenesmarka: Her er det litt kommentarar frå løypeleggar på opprettingar som må med.

Bringeland: Opprettingar kjem fram i Kartarkiv basen.

Jølster skisenter: Siste oppdatering 23.10.2023.

Kinna: Justert N-retning og litt korrigering mht synfaring/teikning. Nye filer er lagt i Kartarkiv basen

Bekkjaholten: Retta opp av GG 31.03.25, kartet er no rett georeferert, oppdatert i Kartarkiv basen

Gjesdalen: Opprettingar kjem fram i sist oppdatert av GG til KM natt 3.10.25, oppdatert i Kartarkiv basen.

Fluge: Kartet er ferdig synfart og teikna. Areal 9km². Ferdigstilling av kartet desember 2024. Mindre justering av synfaring utført av GG til løpet 21.05.25, oppdatert i Kartarkiv basen.

Slåtten Skule: Sist bruk onsdag 24. september 2025.

Ulvedalane: Oppdatert av GG med mindre korrigeringar til nattløp 01.10.25 , litt stiar justert/ fjerna og fjerna eit gjerde v Bulingstjørna oppdatert i Kartarkiv basen.

Sunde – Farsund: Små korrigeringar utført av Egil, oppdatert i Kartarkiv basen.



Nærløp Djupedalen juni 2025.

Skulegårdskart; sjå www.skoleorientering.no for oversikt

Bygstad skule: Håkon Grønli, ferdigstilte kartet i juli 2024.

Hafstadparken: Gaute Osvoll, arbeid med synfaring og teikning ferdigstilt i 2024.

Skei skule: Anja Hole, har ferdigstilt Skei skule i 2024.

Langeland skisenter: Knut Even Hole er mentor for Sjur Skilbrei vedkommande skulekart Langeland. Langeland skisenter er under arbeid..

Skilbrei Ungdomssenter: Ella Ryste Haugsbø har teikna over Skilbrei ungdomssenter.


Sunde Skule: Erlend Husevåg-Lobben har i år teikna over Sunde skule.

Movika Museum: Ann Kristin Kusslid skal teikne over Movika.

Førdehuset innandørskart: Gaute har laga innandørskart på Førdehuset.

Kartoppdateringar, kartplan.


Slåtten skule: Vi vil vurdere å utvide kartet ved Slåtten skule inn mot elva frå Hjellestølen med ei synfaring i terrenget no i vår. Synfaring gjennomført 4. april, vi var samstemte på att terrenget er godt brukbart til ei utviding av kartet. Ei utviding her kan linkast opp mot Slåtten skule og rekna med det kan søkjast Sparebankstiftinga om tilskot til denne utvidinga. Område som er aktuelt å utvide er merka her, det vert innhenta tilbod på kartarbeide for område.



Halbrendslia: Her er utført oppdatering av Egil til Nærløpet med arena Nortura. Etter løpet var tilbakemeldingane att terrenget kartet dekkar er god brukbar til løp, men her må kartet oppdaterast slik som det vart utført på kartet Førdslia.

Kråkenesmarka utviding av kartet:

Ein vurderer utviding av kart over Kråkenesmarka. Det er område ut frå parkeringsplassen ved Nordheia-tunnelen. Terrenget opp mot Fauskevarden, samt opp mot Nordheia.



Kart går opp til denne steinen i dag.



Tjørn i område utan for kartet mot Fauskevarden.



Område inn mot den brattaste bakken til Fauskevarden



Spelemidlar kart: Teknisk råd ved Helge har oppfølging av søknad om spelemidlar til **Flugekartet**.

Pr 27.1.2026 var følgj. utstyr på lager:

Posteiningar: Posteiningar på stativ 86 stk., 6 stk. må sjekkast/død. Målpostar 2 stk. pluss ein død.

Postar som er på plate: 23 stk. med opphengssnor i nr-serien som er på stativ. Starteiningar på stativ 7 stk. alle frå 2019 eller nyare. Posteiningar montert på plate 21 stk. som er tatt av frå stativ utført i august 2025, her er 3 stk. døde ein sakna kode 122. Lista på EKT-utstyr og posteiningar vert oppdatert.

Refleks til nattløp, einsfarga kvit 13 stk., farga 56 stk. Stativ utan brikke 29 stk.

Leigebrikker: 58 stk. alle frå 2018 eller nyare

Postskjermar: Rikeleg av alle kvalitetar. Dei nyaste (A-kvalitet) bør ikkje brukast til nærløp

MTR4, komplett m/EPR3 og papir. 3 (4) stk. Alle sjekka og i orden.

Startdisplay ESD2. 2 stk. (Sogndal IL eig halvparten av det eine)

Anna utsty: Telt. 2 stk. Quick-up, 1 stk. Easy-up, 2 stk. Tunneltelt, 1 stk. Toalettelt.

3 stk. campingbord og stolar, 2 stk. «Beachflag», oppslagstavler

Turorienteringsutstyr. Postflagg, stolpar, stifteklemmer

1 stk. Berbar PC fast på lageret, 1 stk. Berbar PC av elder dato kan nyttast til trening, 1 stk. kopimaskin

Laserstrykk: Vannfast papir A3 ca. 180 stk. Plastpåsar A4 ca. 850, A3 ca. 500 stk.

Trenings- og rekrutteringsråd – årsmelding 2025

(Av Henning Tjørhom)

Trenings- og rekrutteringsrådet har i 2025 vore:

Henning Tjørhom (leiar), Julie Daling, Anita Hole og Anja Sægrov



Mandagstreninger på Langeland

Det har blitt arrangert o- teknisk trening for barn og ungdom på Langeland. Samtidig var det løype med fellesstart for voksne. Mor-O som var i Hafstadparken på i vinter, ble videreført på Langeland.

Samtidig var det trening for ungdom i aldersgruppen 13-16 år. Etter trening var det samling i

skihytta med vafler og gjennomgang av løyper og løp. Det var 6 treninger for alle aldersgrupper fram til sommeren. Mor-O ble avsluttet til sommeren, etter sommeren var det også 6 treninger, men da var kun for ungdom og voksne.

Ungdomsleir på Værlandet

I april ble det arrangert O-leir for barn mellom 8-11 og ungdommer mellom 12-19 år på Værlandet i forbindelse med at Askvoll IL arrangerer tre



Måndagstrening Langeland etterfulgt av sosialt inne på skihytta.



Ungdomssamling på Værlandet. Foto: Knut Even Hole

dagers løp same sted. Det var deltagelse både fra Sogn og Fjordane og Hordaland. Samlet var det omkring 40 deltagere fordelt på barn og ungdom. Overnattingen var i Gjestehuset. Det var aktiviteter med fokus på lek og moro.

Innetrening

Det er innetreninger på Slåtten skule onsdager i perioden november til april.



Førebuging til hovedløpet. Trening 2. juli på Fluge-kartet. Opplegg av Gunnar Gytri med Anja Hole og Guilhem Elias som mentorar. Framme f.v. Kaja Osvoll, Ann Kristin Kusslid, Anja Hole og Guilhem Elias. Bak f.v. Gunnar Gytri, Elisabeth Kusslid, Erlend Husevåg-Lobben, Sjur Skilbrei og Gaute Osvoll. Foto: Knut Even Hole

Turorienteringsrådet – årsmelding 2025

(Av Harald Hjellbrekke)

**Turorienteringsrådet i 2025 har vore samansett av:
Harald Hjellbrekke (leiar), Knut Ivar Osvoll og Sunneve Kalstad
(medlem).**

Som dei siste åra hadde vi også i år plukka ut områder og vore i marka og merkt opp postplasinga i fjor haust. Dette gjer til at vi kan jobbe med kart og tur-ohefte på vinteren og komme igong tidlegare på våren. Dei fleste postane var på plass til påske. Årets sesong gjekk frå 18. januar til 20. oktober.

Heilårstur på Langeland.

Den var lagt opp slik at postane var plasert langs løypenettet, så dette var i utgangpunktet tenkt som skiorientering på vinteren. Men på grunn av ein smøfattig vinter var det ikkje mange som fekk høve til å teste dette ut. Når snøen forsvant var dette ein fin fottur til Gjøsetstølen og Gjøsetvatnet og retur over Bjørnholten.

Tur-o High Five Førde sentrum

I høve friluftslivets år 2025 tilbyr eit nytt enkelt konsept for å få fleire folk ut og på samme tid bli litt meir kjende med kva vi har å vise fram i Førde. Opplegget består av fem turorienteringspostar som er plassert på lokale «høgdepunkt», for eksempel turiststader, lokale stoltheiter, utsiktspunkt e.l. Hensikta er at dette skal vere eit attraktivt tilbod, ein tur som skil seg ut frå dei vanlege turane som er i standardtilbodet. Vi legg postar på spennande stader som vil til å engasjere eksisterande og nye brukarar av turorientering, samt gi gode naturopplevingar. Tur-O High Five vil bidra til god mosjon og meistringsfølelse.

Tur-O-hefte

Som i fjor vart det bestemt at vi skulle presentere turorienteringa i eit tur-ohefte med kart over alle turane og info om korleis ein kan delta ved å registrere seg på nettet eller laste ned ein app og bruke mobilen til å scanne



Turorientering også på ski!



Tur-O-High Five i Førde sentrum. Turen med flest deltakarar i 2025.



Turorienteringsrådet med Knut Ivar Osvoll, Harald Hjellbrekke og Sunneve Kalstad med diplommet som viser at klubben var årets tur-o-klubb i Norge i 2024. Utdeling av diplom på årets første nærløp i april 2025.

QRkoden på posten. 500 tur-o-hefte vart bestilt. Dei vart og brukt inn mot skulane, som fekk klassesett som dei kunne bruke i opplæring i bruk av kart og kompass, og nytte seg av dei grønne turane som var lagt i nærområde rundt skulane. Desse tur-o-hefta vart og lagt ut til salg på Intersport Erdal Sport som tidlegare år. I år har alle deltakarane registrert alle postane digitalt på mobil og på www.turorientering.no

Fotoorientering

Vi forsette i år også med fotoorientering. Det går ut på at vi tek eit bilde av postdetaljen, men heng ikkje ut noko postflagg etter stolpar. På kvart bilde som vi legg inn på kartet skriv vi inn ein postkode, på den måten kan deltakarane registrere i appen at dei har vore på den riktige posten. Dette er eit opplegg som skal gjere det meir spennande for dei yngste deltakarane til å prøve turorientering.



Turorienteringspost med utsikt mot majestetiske Storehesten i bakgrunnen.

Turane

Som tidlegare år har vi i år differensiert turane etter nivå og lengde på turane med farge på turane: Grøn tur – enkel kort tur i sentrumsområde, der rullestolbrukara og folk med barnevogn kan delta, disse turane er gratis, og er lagt opp at skulane kan nytte dei.

Blå tur - enkel tur i terrenget der ein kan følge sti og andre ledelinjer.

Raud tur – lengre og meir krevande tur i terrenget. Totalt 89 postar på 11 turar.

Etter ynskje frå Norges Orienteringsforbund om mest mogeleg likt opplegg over heile landet, med fargegraderte turar og poeng gav vi ein fast poengverdi på alle postane på samme turen.

I år var desse områda nytta og antal nedlastningar og deltakarar

Type tur	Område	Postar	Nedlastingar	Tal deltakarar
Blå	Langeland skisenter (heilårstur)	15	120	59
Grøn	High-O-Five Førde sentrum	5	111	89
Grøn	Vieåsen	8	103	67
Grøn	Førde sentrum (foto-orientering)	5	100	68
Grøn	Slåtten skule (foto-orientering)	5	94	56
Grøn	Sjukehusparken	6	91	66
Grøn	Halbrend og Flatene	8	90	68
Grøn	Sunde skule og Farsund	8	88	47
Raud	Halbrendslia / Reset	10	56	52
Raud	Langeland aust	10	56	49
Raud	Masdalen	10	54	46

Deltakarrekord

I år har totalt 141 deltakarar vore innom ein eller fleire postar, mot 122 i fjor. Av desse var 24 deltakarar innom alle postane. 33 oppnådde kravet til gullmerke, 6 til sølvmerke, 12 til bronsemerke. Ein deltakar har teke gull 5 gonger og får bronsplakett, 2 har teke gull 10 gonger og får sølvplakett, 1 har teke gull 20 gonger og får sølvplakett, 2 har teke gull 15 gonger og får gullplakett, 2 har teke gull 25 gonger og får 25 års-plakett, 1 har teke gull 35 gonger og får 35 års-plakett og 1 har teke gull 40 gonger og får 40 års-plakett. 23 deltakarkonvoluttar (Tur-Ohefte) vart selde på Intersport Erdal Sport og på nærløpa våre på våren. Vi ser at dei grønne turane har flest deltakare. I år var det Tur-O High Five som var mest populær med 89 deltakarar.



Tur i skog og mark er godt både for firebeinte og tobeinte. Foto: Jan Roar Sekkelsten

Ei stor takk til våre støttespelarar i 2025:

Naustdal Dampbakeri

Spar Førde

Dale Rør

Enivest

Specsavers

Sparebank1 Sogn og Fjordane

Sparebanken Norge

Bufdir

Idrettsfondet Sogn og Fjordane

695 elevar på skulesprint

(Av Knut Even Hole)

Skulesprint har vore eit fast innslag på mange skular i Sunnfjord kommune i åra som har gått, noko vi held fast ved også i år. 6 skular fekk besøk, og totalt deltok 695 elevar desse dagane.

Først ut var Flatene skule den 26. mai. Heile skulen deltok denne dagen der dei ikkje akkurat var noko heldig med været. Det regna, sludda, hagla og bles. Men borna var like engasjert, heilt uanfakta av været. Vi var i trygge rammer for småskulen sidan vi tok i bruk skulegardskartet og var innafor skulen sitt område. Det vart satt ut postar og opplegg slik at ein kunne ha fire grupper i sving på ein gong. Det var to ulike o-løyper, dobbel rakettløype, o-bingo og stjerneorientering. Borna vart tatt i mot når økta starta, og dei fekk forklart enkle ting rundt kartet, før dei satte i gang. Lærarane var med å administrerte nokre av opplegga. Heile skuledagen gjekk med sidan alle klassane deltok, og til saman 221 born var gjennom dei ulike stasjonane.

Dagen etter var det planen at Bygstad skule skulle ha orientering på Langeland, men dei valde på grunn av dårleg vær å utsette til etter sommarferien. Så då blei det Sunde skule som sto for tur neste dag. Her var det 3. og 6. klasse som hadde kvar sine to timar med orientering. Dei fekk bryne seg på ei o-løype, ei litt enklare en den andre, tilpassa dei ulike klassane. O-bingo var den andre aktiviteten dei hadde. Kontaktlæraren for gymnastikk på Sunde skule, har skrudd opp dei faste postane dei har fått, slik at vi kunne bruke dei, samt at det er enklare for dei å lage til aktivitet for borna elles i året. Heller ikkje elevane på Sunde slapp unna regn og ruskevær.

Veka etter laga vi til opplegg i Vieåsen, med utgangspunkt i ballbingen slik det var i fjor. Førde barneskule hadde tysdag den 3. juni, og kom opp med 5-7 klasse. Dei delte aktiviteten i tre økter, der eine klassen gjekk på dagsturhytta, ein klasse sparka fotball og ein klasse med orientering. Så rullerte dei etter ein og ein halv time. Totalt 124 elevar frå Førde Barneskule. Onsdag den 4. juni var det 5. og 6. klasse frå Slåtten skule som kom opp i Vieåsen. Desse hadde to delt opplegg med orientering og tur til dagsturhytta. Frå Slåtten kom det 117.

Torsdag den 5. juni var det til slutt Førde Ungdomsskule som kom opp med 9. klassane. Dei og vart delt i to, med tur til dagsturhytta på den eine gruppa, mens den andre hadde orientering i ei litt vanskelegare løype enn dei to tidlegare dagane. Frå FUSK kom det 90 elevar. Vegar Hole var med å instruerte borna desse fem dagane.

Etter sommarferien så hadde Bygstad skule ein dag på Langeland med heile skulen. 1-7 klasse. Dei fekk igjen for å utsette dagen, for det var knall blå himmel og varmt i været. Elevane vart delt inn i fire grupper som fordelte seg ut på to ulike o-løyper, rakettløype, o-bingo og stjerneorientering. Dei var totalt 88 elevar.

I tillegg til skulesprint der vi har stilt opp med instruksjon og ulike aktivitetar, så har dei lånt utstyr av oss på Vassenden. Det same gjorde Flatene skule ei veke etter at vi hadde vore på besøk, for elevane syns det var så kjekt å halde på med orientering.

Alle skulane i Førde har også hatt grøne turar i nærleiken dei har nytta seg av, og 345 hefter har blitt delt ut til elevane i 5. og 6. klasse. Dette har dei nytta i skulen først, for så å ta med seg heim slik at heile familien kan være med å ta dei andre turane. Vi kan sjå ut frå statistikken at dei grøne turane er mest nytta, noko som nok kjem av at vi dele ut desse hefta.

Ulike arrangement i 2025



«Stafett for livet»

Lørdag 31.8. og søndag 1.9. vart den 4. «Stafette for livet» arrangert av Kreftforeningen på Førde stadion. I år som dei 3 forrige åra stilte orienteringsgruppa med eige lag som sprang stafetten som gjekk over 24 timar, der det alltid skal vere minst ein løpar på laget på bana.

Hall-O-ween

Heile 75 born var med på Hall-O-ween i Hafstadparken 30. oktober. Her gjekk dei saman med forelder og pårørende tur i «Skumleskogen». Etter på vart det avslutta med kveldsmat inne på FIL-huset.



Helse Førde-stafetten

Den årlege Helse Førde stafetten trekk mykje folk til Sentralsjukehuset, sjukehusparken og Hafstadparken. Dei siste åra har Førde IL Orientering vore med, og stilt med eit tilbod om rakettløype under stafetten. Slik også i år, og det var til tider lang kø for å få seg ein tur i rakettløypa.

Lagsmeisterskap 2025				
	AK	AM	BK	BM
Sprint				
1	Guri Brekke	Gaute Osvoll	Elisabeth Kusslid	Erlend Husevåg-Lobben
2		Andreas Haug	Ann Kristin Kusslid	Kenneth Husevåg-Lobben
3		Trygve Hermansen	Ella Ryste Haugsbø	Gunnar Gytri
Mellom				
1	Bodil Ryste	Torbjørn Holsen	Ann Kristin Kusslid	Erlend Husevåg-Lobben
2	Julie Daling	Anders Slåtten	Ella Ryste Haugsbø	Storm Skilbrei
3		Laurenz Elstner	Kjellfrid Støylen Skilbrei	Kurt Grønli
Lang	Ingen	Laurenz Elstner	Ingen	Gunnar Gytri
1		Gaute Osvoll		Yngve Årdal
2		Anders Slåtten		Helge Schei
3				
Natt	Ingen	Torbjørn Holsen	Ingen	Lars Kyte
1		Gaute Osvoll		
2		Andreas Haug		
3				



KM sprint Sogndal 23. august 2025. Kjekt å sjå mange Førde-løparar på krinsløp!

Resultat KM

KM sprint laurdag 23. august, arr. Sogndal IL:

D11-12: Nr 2 Sigrid Botnen

D13-14: Nr 4 Ann Kristin

Kusslid, nr 5 Ella Ryste

Haugsbø, nr 6 Kaja Osvoll

D40: Nr 1 Bodil Ryste

D50: Nr 1 Julie Daling

H13-14: Nr 5 Erlend Husevåg-

Lobben, nr 6 Jørgen Daling

Korsøen, nr 7 Storm Skilbrei

H15-16: Nr 1 Gaute Osvoll, nr.
2 Sjur Skilbrei

H17: Nr 4 Henning Tjørhom

H40: Nr 1 Arnis Abolins

H50: Nr 1 Torbjørn Os



KM mellomdistanse Sogndal 24.8. Samlingsplass Hodlekve.

KM mellom søndag 24. august, arr. Sogndal IL:

D11-12: Nr 3 Sigrid Botnen.

D13-14: Nr 3 Ann Kristin Kusslid, nr. 4 Kaja Osvoll, nr. 5 Ella Ryste Haugsbø.

D40: Nr 2 Bodil Ryste

D50: Nr 2 Julie Daling

D80: Nr 1 Brita Eilertsen Grønli

H13-14: Nr 5 Erlend Husevåg-Lobben, nr 6 Jørgen Daling Korsøen, nr. 7 Storm Skilbrei

H15-16: Nr 1 Gaute Osvoll, nr. 2 Sjur Skilbrei

H19-: Nr 3 Henning Tjørhom

H40: Nr 2 Arnis Abolins

H50: Nr 1 Torbjørn Os

H60: Nr 2 Kjell Arne Hjellbrekke, nr 5 Harald Hjellbrekke

H70: Nr 1 Gunnar Gytri, nr 2 Torodd Os, nr 4 Helge Schei

KM natt fredag 3. oktober, arr. Førde IL:

H15-16: Nr 1 Gaute Osvoll

H40: Nr. 1 Torbjørn Holsen, nr 2 Arnis Abolins

H70: Nr 1 Torodd Os, nr. 2 Kurt Grønli

H50: Nr 1 Torbjørn Os

H19: Laurenz Elstner

KM lang laurdag 4. oktober, arr. Tambarskjelvar IL, Haustbløyta:

D13-14: Nr 3 Ella Ryste Haugsbø, nr. 5 Kaia Osvoll

H15-16: Nr 1 Gaute Osvoll

H40: Nr 1 Torbjørn Holsen, nr. 2 Arnis Abolins

H50: Nr 1 Torbjørn Os

H70: Nr 1 Gunnar Gytri, nr. 2 Jostein Fredly, nr. 3 Kurt Grønli

D50: Nr 1 Julie Daling



KM sprint H15-16: Nr 1 Gaute Osvoll, nr. 2 Sjur Skilbrei

Sju løparar frå Førde på o-landsleir og hovedløp

(Av Anne Therese Kusslid)

O-landsleir og hovedløp ble arrangert i Sandefjordleg i august. Heile sju ungdommer reiste fra Førde IL Orientering. Det er nok ny rekord for klubben! I tillegg var det to ungdommar frå Markane, slik at ein var ni totalt fra Sogn og Fjordane O-krins.

Førde-gjengen reiste nedover torsdag med minibuss med undertekna som sjåfør og leiar. Gjengen frå Markane hadde vore på Norway-Cup, og fekk noko kortare reiseveg til Sandefjord. Fredagen var det treningsdag og bli kjent med andre deltakarar. Laurdag var det på med løpsutstyr og stille til start opp langdistansen, og søndag sto sprinten for tur. Måndag og tysdag var det aktivitetsdagar med mykje moro, før den berømte krets-stafetten avslutta det heile på onsdag.

Hovedløpet gav ungdommene nye utfordringer gjennom ukjent terreng og mange var glade for at vi hadde fått en ekstra treningsdag for å bli litt mer kjent med terrenget. For mange var hovedløpet en ny opplevelse, noe som kanskje gav litt ekstra nerver? Men fleire presterte godt både på langdistanse og sprinten.

Under o-landsleiren fikk ungdommene være med på nye o-aktiviteter.

Innendørsorientering fungerte godt på denne store skulen vi var innlosjert på. Nye karttegn og koder måtte læres - men dette knekte

Resultat Hovedløpet:

Hovedløpet lang: D14: Nr 18 Ann Kristin Kusslid, nr. 42 Ella Ryste Haugsbø, nr. 44 Kaja Osvoll. H14: Nr 31 Erlend Husevåg-Lobben. H15: Nr 50 Sjur Skilbrei. H16: Nr 35 Gaute Osvoll

Hovedløpet sprint: H16: Nr 26 Gaute Osvoll. H14: Nr 38 Erlend Husevåg-Lobben. D14: Nr 41 Kaja Osvoll, nr. 44 Ella Ryste Haugsbø. H15: Nr 41 Sjur Skilbrei.



Førde IL Orientering – styre og råd 2025

Styret:

Leiar	Knut Even Hole	Jølstravegen 162, 6819 Førde	90201994	knuteh@hotmail.com
Nestleiar	Yngve Årdal	Langeberget 11, 6812 Førde	91149805	ardalyngve@gmail.com
